



Statens vegvesen

Firdalens Fylkeskommune

18 APR 2015

Dag Rykkje
Fykkesundvegen 293
5610 ØYSTESE

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Hilde Gunn Stenseth - 56520207

Vår referanse:
2015/030726-002

Dykkar referanse:

Vår dato:
14.04.2015

Statens vegvesen sitt svar på søknad om avkøyrslø/dispensasjon frå byggjegrense - Garasje - Fv. 7 - gnr. 57 bnr. 7 - Kvam herad

Byggjegrense:

Vi viser til dykkar søknad mottatt 10.03.2015 og gjev med dette dispensasjon frå byggjegrensa ved fv7 hp 14 km 4,334. Dispensasjonen gjeld for oppføring av garasje med ein avstand på 20 meter frå vegmidte til næraste bygningsdel på gnr. 57 bnr. 7 i Kvam herad.

Vi gjer merksam på at dispensasjonen berre gjeld i høve veglova, og ikkje dei rettar de har ovanfor eventuelle andre grunneigarar. Dispensasjonen er gjeve i samsvar med føresegnene om byggjegrenser i veglova §§ 29 og 30 og på dei vilkår som er nemnt nedanfor.

1. Bygningen må ikkje nyttast til anna føremål enn det som kjem fram av søknaden.
2. Dispensasjonen fell bort dersom omsøkte byggjearbeid ikkje er starta innan 3 år frå d.d.
3. Det er ikkje grunnlag for krav mot Statens vegvesen på grunn av skade eller ulempe som følgjer av at bygningen ligg innanfor byggjegrensa, med mindre det kan påvisast aktløyse frå vegvesenet si side.
4. Dersom bygget vert oppført i strid med vilkåra i denne dispensasjonen, kan bygget krevjast fjerna med heimel i veglovas § 36 utan kostnader for Statens vegvesen.

Vedtaket kan påklagast.

Avkøyrslø:

Vi syner til dykkar søknad mottatt 10.03.2015.

Med heimel i veglova §§ 40-43, har vi fatta følgjande vedtak:

Det kan påreknast løyve til å leggje avkøyrslø for tilkomst til garasje under føresetnad om at krava nedanfor vert oppfylte.

Veg/stad: fv 7 hp 14 ved km 4,426/gnr. 57 bnr. 7 i Kvam herad.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Vi gjer Dykk merksam på at tilsegna berre gjeld i høve til veglova og ikkje dykkar rettar ovanfor eventuelle andre grunneigarar.

Vi set følgjande krav:

1. Avkøyrsla skal vere bygd av tiltakshavar og godkjent av Statens vegvesen innan 3 - tre år frå d.d., elles fell tilsegna bort. Kommunen skal ikkje gje byggjeløyve før endeleg godkjent avkøyrsleløyve frå Statens vegvesen føreligg, jf. plan- og bygningslova § 27-4.
2. Avkøyrsla må opparbeidast i samsvar med vedlagte prinsippkisser og forskrift om alminnelege reglar om byggjing og vedlikehald av avkøyrslar frå offentleg veg, som de finn på lovdata.no.
3. Avkøyrsla skal også kunne vere felles med eventuelle andre, som på ein naturleg måte kan nytte same avkøyrslar.
4. Krav til friskt 4 meter inn i avkøyrsla skal vere minimum 115 meter til begge sider. Sikta fram og bakover på vegen ved avkøyrsla må vere minimum 115. Dette inneber at alle sikthindringar (vegetasjon, terreng m.m) over 0,5 meter i planet mellom avkøyrsla og fylkesvegen må fjernast. For denne avkøyrsla må sikta ordnast i begge retningar.
5. Svingradius skal vere 9 meter (diameter 18 meter).
6. Stigningskrava må haldast (sjå skisse). Vi vil her spesielt gjere merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 metrane.
7. Det må vere snu- og parkeringsplass på eigen grunn. Det er ikkje tillate å parkere i frisktsonene.
8. Under avkøyrsla må det leggjast drenering med minimum 300mm i diameter med kummer og køyresterk rist. Røyret for grøftevatn må vere langt nok, slik at sidearealet i avkøyrsla får eit fall på minimum 1:6.
9. Før arbeid vert sett i gang på/ved offentleg veg, skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan. Denne planen skal godkjennast av Statens vegvesen.

Ta kontakt med sakshandsamar dersom de har spørsmål i samband med opparbeiding av avkøyrsla.

Når avkøyrsla er opparbeidd etter krava vert bruksløyve gjeve av Statens vegvesen ved at tiltakshavar tar kontakt med sakshandsamar.

Vedtaket kan påklagast.

Plan & Forvaltning Voss Hardanger
Med helsing

Kari Verulth Kinden

for Carl Erik Nielsen
Seksjonssjef

Hilde Gunn Stenseth
Hilde Gunn Stenseth

Kopi: Kvam herad
Hordaland fylkeskommune

